

Referat frå styringsgruppemøte i læringsnettverket for Vestland

Dato: 10.06.2021 Stad: Teams

Sak:	Agenda/Tema:	Status/konklusjon:	Konklusjon/ ansvar og tidsfrist:
1.	Presentasjon og godkjenning av agenda	Agenda godkjent – ein sak frå RVTS ved Linda på eventuelt	Konklusjon: Agenda godkjent
2.	Kompetanseoverføring på fosterheimsområdet fra Bufetat til kommunane	<p>Status og vidare plan for kompetanseoverføring på fosterheimsområdet frå Bufetat til kommunane</p> <p>Bufetat sendte ut brev med informasjon og tilbod om å delta på opplæring i TRYGG BASE og TBO – F hausten 2021. Dei aller fleste kommunane i Vestland har svart at dei ønskjer å ta del i denne opplæringa. Bufetat manglar svar frå seks kommunar. Dei vil bli kontakta i løpet av neste veke slik at vi er sikre på at dei får anledning til å være med om dei ønskjer det. På bakgrunn av svara frå kommunane og tal på rettleiarar som kommunane ønskjer skal få opplæringa, har Bufetat starta på arbeidet med å utarbeide ein plan for gjennomføringa av kompetanseoverføringa til hausten.</p> <p>Pilotkommunane; Bergen, Askøy og Alver er godt i gang. Resterande kommunar i gamle Hordaland vil truleg få opplæringa i to puljar, og kommunane i gamle Sogn og Fjordane vil få opplæringstilbodet samla ein gong mellom september og desember 2021. Berit seier at dei vil ha dialog med RKBU for å forsøke å ta omsyn til kommunane som er med i Tenestestøtte når dei legg planen for hausten. Bufetat trur dei skal ha klar ein tidsplan for kompetanseoverføringa innan utgangen av juni.</p> <p>Et spørsmål som vi vil komme tilbake til på neste styringsgruppemøte til hausten er om læringsnettverket skal fasilitere for videre prosessar kring å finne samarbeidsløysingar på tvers av kommunegrensene for å drifte gruppetilbod. Fleire mindre kommunar har ikkje eit tilstrekkeleg tilfang av nye fosterheimar til å kunne drive gruppetilbod aleine. Fleire av utviklingsprosjekta har starta arbeidet for å sjå på korleis dei kan sikre drift av gruppetilbod i samarbeid med andre kommunar. Kommunane bestemmer sjølv korleis dei vil organisere rettleiing og oppfølging til fosterforeldre, dei kan finne andre løysingar enn å drifte gruppetilbod.</p>	<p>Orienteringssak ved Berit frå Bufetat</p> <p>Randi, Gerd og Bente følger opp dei kommunane som ikkje har svart på tilbodet.</p> <p>Berit orienterer styringsgruppa når planen for kompetanseoverføringa er klar.</p> <p>Denne saka kan vi komme tilbake til utpå hausten, når fleire av kommunane har hatt litt tid til å sjå korleis dei ynskjer å rigge seg på fosterheimsområdet frå 01.01.2022.</p>
6.	Stimuleringsmidlar fosterheimsområdet	I 2021 er det 2,9 millionar på fosterheimsområdet og 1,3 millionar på frie stimuleringsmidlar som kommunane i Vestland kan søke om. Fristen for å søke er 1. juni 2021. Vi har motteke 9 søknadar, dei fleste utvidingar og/eller er videreføring prosjekt. Søknadane utgjer om lag det dobbelte av dei midlande vi har til fordeling. Vi	Orienteringssak ved Bente C. frå Statsforvaltaren

	<p>er i dialog med kommunane som har søkt om kva dei ynskjer å prioritere om dei ikkje får heile summen dei har søkt om. Søknadane vil handsamast før sommaren.</p> <p>Forslag om å lage ein postermal for å presentere prosjekta når dei er ferdige. Dette kan gjere prosjekta, og det som er erfart/utvikla meir tilgjengeleg også for dei andre kommunane i nettverket. Det er mykje som allereie er utvikla i ulike prosjekt som fleire kommunar ønsker å nyttegjere seg. Einigheit om at vi her har eit potensial som ikkje er fullt ut utnytta. Denne saka jobbar vi vidare med til hausten. Det er også sett i gang eit arbeid for å få til ein mal for sluttrapportering for utviklingsprosjekta og ein digital rapporteringsløysing. Vi håpar å få dette på plass før prosjekta skal rapportere i januar 2022. Vi er også i gang med å lage ein rettleiar for prosjektleiarar, eit første utkast er snart klart.</p> <p>Fleire av utviklingsprosjekta søker om midlar til å arrangere fagdagar. Bente C reiser spørsmålet om det er hensiktsemessige at alle arrangerer fagdagar kvar for seg, eller om det er mogleg å heller ha nokre dagar samla i løpet av eit år? Litt ulike innspel og syn. Det er litt ulike formål med dei samlingane som prosjekta søker støtte til å gjennomføre. Nokre kommunar melder om at det er krevjande å prioritere og orientere seg i alle tilbod om webinar og samlingar. Forslag om meir koordinering.</p> <p>Innspel om å ha meir fokus på implementering av det som allereie er utvikla i prosjekta, framfor kompetanseheving og utvikling. Nokre meinte og at prosjekta er ulike og i ulike fasar, derfor kan det være nyttig å både gje støtte til dei som er i startfasen på nye utviklingsarbeid, og dei som har gjennomført eit prosjekt og der neste steg er implementering i ordinær drift av tenesta.</p> <p>Orientering: Det er etablert eit nasjonalt nettverk for utviklingsprosjekt på fosterheimsområdet der alle læringsnettverk som har mottatt stimuleringsmidlar er invitert til fire samlingar per år.</p>	<p>Bente C. fører denne saka opp på sakslista for neste møte</p> <p>Vi drøftar dette vidare på neste møte i september når styringsgruppa og ressursgruppa er samla.</p> <p>Vi tek med oss desse innspela når Berit, Bente og Unni jobbar vidare med planen for prosjektstøtteriggen vår til hausten.</p>	
7.	<p>Planlegging og ansvarsfordeling – samling for barnevernlederene og læringsnettverket</p>	<p>Samling 22.-23. september 2021</p> <p>Styringsgruppa innleiar og avsluttar samlinga, og slik avgjorde styringsgruppa å fordele oppgåvane: Berit og Elin - velkomstkomité og registrering Anita og Monica - ønsker velkommen og innleiar samlinga Linda og Bente - styrer tiden og introduserer dei som skal snakke Laila og Gerd - trekk saman trådane på slutten av dagen Praktisk informasjon og vegen videre – Bente</p> <p>Styringsgruppa hadde nokre forslag til justering av program og kva brukar organisasjonar vi kunne spørje om å halde innlegg. Bufetat treng 45 – 60 minutt til sitt innlegg. Vi legg inn ei pause i den bokane der utviklingsprosjekta legg fram sitt arbeid.</p> <p>Unni frå RKBU Vest orienterer om at ho og Jorid frå NUBU vil ta kontakt med kompetansemiljø i samband med at dei har teke på seg å lage ei felles presentasjon av kompetansemiljøa som skal</p>	<p>Planlegging og oppgåvefordeling</p> <p>Bente C. kontakter dei som vi ønsker å invitere til å halde innlegg og legg inn justeringane vi vart einige om i programmet. Vi legg ut informasjon om samlinga, førebels program og opnar påmeldinga til samlinga innan 24. juni.</p>

		nyttast på samlingane til hausten. Forslag om at senterleiarane også orienterast, og inviterast til å kome med innspel.	
8.	Felles tverrfagleg dagssamling i regi av læringsnettverket ein i Bergen og ein i Førde	<p>Formål: sette søkelys på, og adressere behovet for å sjå tiltak og tenester som møter barn, unge og deira familiar heilskapleg og i samanheng i førebuingane til barnevernsreforma. Dette er i realiteten ei oppvekstreform, og vi ønskjer med denne samlinga å legge til rette for god informasjon, inspirasjon, erfaringsdeling og ikkje minst fasilitere for ein dialog mellom leiarane i kommunane på tvers av tenesteområda og på tvers av kommunegrensene.</p> <p>Målgruppe: Sektorleiarar for barnevern, NAV, PPT, helsestasjon, skulehelseteneste, barnehage, skule, psykisk helse, habiliteringstenesta og kommunalsjefane på dei relevante områda.</p> <p>Det vert to samlingar: 13. oktober 2021 i Bergen, ved Scandic Ørnen 27. oktober 2021 i Førde, ved Sunnfjord Hotell</p> <p>Program Bente C. har laga utkast til program på bakgrunn av dei innspela som har kome i ressursgruppemøtet og forring styringsgruppemøte. Dei vart sendt ut til gjennomlesing i forkant av møtet, det kom nokre innspel til justeringar i møtet.</p> <p>Merknad: Samlinga i Bergen den 13. oktober er lagt til haustferien. Det er fritt for den enkelte kommune og velje om dei ynskjer å delta i Førde eller Bergen. Samlingane blir innhaldsmessig tilnærma like. Vi tilrår at kommunane avklarar internt kven av samlingane dei ynskjer å delta på. Samlingane vert gratis, men kommunane må sjølv dekke reiseutgifter i samband med samlingane.</p>	<p>Konklusjon: Bente C. gjer justeringane og sender programma ut til representantane i styringsgruppa og ressursgruppa. Innspela må komme raskt, og innan 17. juni. Målet er å få ut informasjon om samlinga, førebels program og opna påmeldinga til samlinga innan 24. juni.</p> <p>Alle i styringsgruppa tek ansvar for å høyre med kommunar dei veit om, som har starta på gode prosessar knytt til reforma, tverrfagleg samarbeid eller tidleg innsats, og høyrer om dei er villige til å ha korte innlegg for å fortelje om sitt arbeid på samlingane. Kontaktinformasjon til aktuelle kommunar sendes til Bente C.</p>
	Eventuelt	<p>RVTS ved Linda informerer om nytt opplæringstilbod i regi av Alternativ til Vold til hausten. Kurset heiter Stopp Voldsarven. Det blir eit kurs i Bergen og eit i Førde. De kan finn informasjon om kurset her: https://www.facebook.com/events/962523777831861</p> <p>Forslag om å utarbeide en mal for samarbeidsavtaler mellom kompetansemiljø og utviklingsprosjekt (Sak utsatt til neste møte)</p>	Orienteringssak ved Linda fra RVTS
	Saker til neste møte 21.september 2021	<p>Neste møte i styringsgruppa er 21. september</p> <ul style="list-style-type: none"> • Planlegge barnevernleiar og læringsnettverkssamlinga • Planlegge tverrfagleg konferanse i oktober • Drøfte forslag om mal til samarbeidsavtale mellom kompetansemiljø og utviklingsprosjekt • Avklare videre arbeid med en poster-mal for ferdige utviklingsprosjekt, og korleis vi kan gjere produkta som utviklast gjennom utviklingsprosjekta enda meir tilgjengelege for alle kommunane i nettverket 	<p>Konklusjon: Bente inviterer og lager utkast til agenda, alle kan spille inn saker frem til møtet.</p>

--	--	--

Hovudrepresentantar i styringsgruppa:

Navn:	Kontakt informasjon:	Barnevernteneste/organisasjon	Deltok på møtet:
Bjarte Gangeskar	bjarte.gangeskar@stad.kommune.no	Stad	Nei
Randi Pedersen	randi.pedersen@kvinnherad.kommune.no	Kvinnherad	Nei
Monica Loen Grov	Monica.Loen-Grov@sunnfjord.kommune.no	Sunnfjord	Ja
Elin Fossåen	elin.fossaaen@ullensvang.kommune.no	Hardanger	Ja
Torill Svendsen	Torill.Svendsen@askoy.kommune.no	Askøy	Nei
Anita Fonnes	Anita.Fonnes@bergen.kommune.no	Bergen	Ja
Unni Strandman	unst@norceresearch.no	NORCE RKBU Vest	Ja
Linda Renate Kvalvik	linda.renate.kvalvik@helse-bergen.no	RVTS Vest	Ja
Bente Cecilie Foss	fmhobcf@statsforvalteren.no	Statsforvaltaren	Ja
Berit Hognestad Haaland	berit.hognestad.haaland@bufetat.no	Bufetat region Vest	Ja

Vara for styringsgruppas medlemmer

Namn	Kontakt informasjon	Kommune/organisasjon	Deltok på møtet:
Owe Myklebust	Owe.myklebust@haugesun.kommune.no	Haugesund	Nei
Kjersti Kløck	kjeklo@kvam.kommune.no	Kvam	Nei
Laila Grøn-Jensen	Laila.Gronn-Jensen@oygarden.kommune.no	Øygarden	Ja
Jørund Tvedt	Jorund.Tvedt@stord.kommune.no	Stord (SIB)	Nei
Gerd Ynnesdal	gerd.ynnesdal@gloppen.kommune.no	Gloppen	Ja
Elisabeth Abelvik	Elisabeth.Abelvik@bergen.kommune.no	Bergen	Nei
Marte Knag Fylkesnes	maf@norceresearch.no	NORCE RKBU Vest	Nei
Marita Brekke Skjelvan	mariskje@hvl.no	Høyskolen på Vestlandet	Nei
Carol Kjøpstad Vangsnæs	carolkjopstad.vangsnæs@bufetat.no	Bufetat	Nei
Bård Tyldum	fmsfgrb@statsforvalteren.no	Statsforvaltaren i Vestland	Nei
Anne Marit Høyem	ahoy@norceresearch.no	NORCE RKBU Vest	ja

Referat skrevet av Bente Cecilie Foss den: 11.06.2021

Referat godkjent av møtedeltakarane den: 18.06.2021